

Masfjorden FrP
V/Jostein Duesund

Ferjesambandet Leirvåg – Sløvåg: regularitet

Etter at Fjord1 overtok sambandet frå Norled den 1. januar 2020, har regulariteten på dette sambandet ikkje vore tilfredsstillande utfrå det som står i utlysninga av anbodet.

I anbodsutlysninga står det at ferja skal ha maskinkraft nok og gode nok manøvereigenskapar til å takla dei værforholda som sambandet naturleg kan by på. Fensfjorden er værhard, det er ingen løyndom. Det er derfor rart at Fjord1 ikkje har fått dette med seg då dei sette inn MF «Storfjord», og at oppdragsgjevar Skyss ikkje har reagert på valget av ferje.

Per dags dato viser Fjord1 si eiga SMS – varsling at sambandet har vore innstilt ca 128 gongar (enkeltturar) sidan oppstart.

Sambandet tener i vekedagane næringsliv, arbeidsfolk og skuleelevar på begge sider av fjorden. Der er fleire verksemdar i Sløvåg som nyttar ferja for å få levera varer og tenester på andre sida av fjorden. Vidare er det mange, både arbeidsfolk og skuleelevar, som reiser med ferja på veg til og frå arbeid og skule. Dei økonomiske tapa og dei praktiske utfordringane kan ein berre tenkja seg.

Omkøyning frå Sløvåg til Mongstad er ca 2,5-3 timar med lastebil. Skal ein ta omveg med buss, har ein truleg ei reise på 4 timar eller meir, i staden for dei 20 minuttane ferjeturen tar. Det vil sei at kvar gong ferja ligg i ro på morgon og/eller ettermiddag, er der folk som ikkje kjem seg på arbeid og på skulen.

Skal dette fortsetja stort lenger, vil Fjord1 og «Storfjord» passera Norled og «Melderskin» sitt verste driftsår med god margin.

Her må bestillar av tenesta få tenesteleverandøren til å oppfylle krav i utlysninga, altså skaffa ei ferje som tåler vind, eller rusta «Storfjord» opp slik at ho taklar værforholda sambandet normalt har å by på.

I anbodet forstår ein det og slik at tenesteleverandør har ansvar for at kaiane også er tilpassa fartøyet. Her er der nok ein veg å gå, med tanke på at ferja er dobbelt så lang som kaiane.

På vegne av næringsliv og innbuarar i Masfjorden og Gulen vonar Masfjorden FrP at fylkeskommunen tek tak i denne saka og får orden på problematikken. I år 2020 må ein kunne forlanga at ei ferje tåler meir enn 15-16 sekundmeter vind før den vert lagt i bøya.

Jostein Duesund
Gruppeleiar
Masfjorden Framstegsparti